



Gianni Rebaudo og Kristinn Atlason har samarbeidd på Husnes i mange år

Det er no teke eit nytt steg fram i samarbeidet om reklame i Kvinnherad og uskedelingen Gianni Rebaudo står sentralt i samarbeidet. For få år sidan gjekk han saman med Kristinn Atlason og starta selskapet Metro på Husnes. No har Zpirit på Stord kjøpt seg inn i Metro. Dei 2 har før vore saman om fleire oppdrag, til dømes Tysnesbanken si etablering i vår kommune. Zpirit har 10 tilsette og jobbar med reklame og kommunikasjonsstrategi medan Metro er eit produksjonsfirma som dekorerar alt. Zpirit ser det som ein stor fordel å ha tilgang til eit fast produksjonsbyrå.

Rebaudo og Atlason er framleis saman på Husnes der Metro skal bestå og framleis driva sjølvstendig under Metro-namnet. Rebaudo er svært glad for at Zpirit vil satsa på Metro. På denne måten får dei ein god og sterk partner som kan hjelpe dei vidare. Nå får dei eit firma som kan tilby heile pakka.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen